



Arkiv: FE-453
JournalpostID: 25/35211
Saksbehandlar: Geir Holmen
Dato: 29.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/079	Samfunnsutval	15.10.2025
25/141	Stad formannskap	16.10.2025
25/171	Stad kommunestyre	23.10.2025

Mogleg reduksjon i kulturmidlar og kulturprisar for 2025 og som del av økonomi- og handlingsplan 2026 - 2029

Bakgrunn for saka:

Stad kommunestyre vedtok i møte 23. januar 2025, sak KS 25/009, å starte opp Program for berekraftig økonomi 2025 -2028, og det vart oppretta eit eige hovudprosjekt for Sentraladministrasjonen.

Eit delprosjekt under Sentraladministrasjonen er gjennomgang av kontingentar, tilskot og medlemsskap som går fram av vedlegg til Budsjett 2025 og handlingsprogram 2025 – 2028.

I møte 11. september 2025, sak 25/133 blei det for ulike kontingentar, tilskot og medlemsskap gjort vedtak slik det kjem fram av tilrådinga [Oppfølging av kommunestyresak - Gjennomgang av vedlegg 1 til budsjett 2025 - Tilskot og medlemsskap](#).

Kulturmidlar er støtteordning for å løfte fram kultur og frivillig aktivitet. Kulturmidlar er ikkje nemnd i sak 25/133, men er likevel ein del av den heilskaplege gjennomgangen kommunedirektøren har fått i oppdrag å vurdere knytt til å få ein økonomi i balanse.

Det er sett av kr 350 000 for tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar for 2025. I tillegg er det sett av kr 30 000 til kulturprisar for same år.

Stad kommunestyre har i sak KS-25/108 bedt kommunedirektøren arbeide for å nå eit innsparingskrav på kr 10 mill. innanfor gjeldande budsjett for 2025. Av den grunn ønskjer kommunedirektøren å få avklart om kulturmidlane for 2025 skal haldast attende og gå til innsparing, med grunngjeving i kommunen sin økonomiske situasjon.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. For å nå innsparingskrav for 2025 i samsvar med KS-25/108 vert kulturmidlar og kulturpris sett til 0,- for 2025.
2. Som ein del av arbeidet med å få ein økonomi- og handlingsplan i balanse for

perioden 2026 – 2029 vert kulturmidlar sett til 0,- for perioden.

3. Kulturmidlar og kulturpris vert løfta fram til ny vurdering så snart økonomien tillet dette.

Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 16.10.2025

1. For å nå innsparingskrav for 2025 i samsvar med KS-25/108 vert kulturmidlar og kulturpris sett til 0,- for 2025.
2. Som ein del av arbeidet med å få ein økonomi- og handlingsplan i balanse for perioden 2026 – 2029 vert kulturmidlar sett til 0,- for perioden.
3. Kulturmidlar og kulturpris vert løfta fram til ny vurdering så snart økonomien tillet dette. Kommunestyret opprettholder kultur- og idrettspris med kr. 0 for å gje heder og ære til gode og viktige aktørar innan kultur og idrett. Det er god motivasjon i sjølv prisen sjølv om kommunen ikkje har høve til å gje midlar. Ordførar vert oppmoda om å gå i dialog med næringslivet i kommunen om evt. sponning av stipenda til idretts- og kulturpris for 2025.
4. Kommunestyret opprettholder kultur- og idrettspris med kr. 0 for å gje heder og ære til gode og viktige aktørar innan kultur og idrett. Det er god motivasjon i sjølv prisen sjølv om kommunen ikkje har høve til å gje midlar. Ordførar vert oppmoda om å gå i dialog med næringslivet i kommunen om evt. sponning av stipenda til idretts- og kulturpris for 2025.

Vedlegg i saka:

06.10.2025	Fordeling kulturmidlar 2024 - idrett	1793516
07.10.2025	Fordeling kulturmidlar 2024 - kultur	1793927

Samfunnsutval 15.10.2025:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

SAMF - 25/079 Vedtak:

Innstilling frå samfunnsutvalet:

1. For å nå innsparingskrav for 2025 i samsvar med KS-25/108 vert kulturmidlar og kulturpris sett til 0,- for 2025.
2. Som ein del av arbeidet med å få ein økonomi- og handlingsplan i balanse for perioden 2026 – 2029 vert kulturmidlar sett til 0,- for perioden.
3. Kulturmidlar og kulturpris vert løfta fram til ny vurdering så snart økonomien tillet dette.

Stad formannskap 16.10.2025:

Handsaming:

Tilleggsframlegg til eit punkt 4 frå Anita O. Hoddevik (V):

Kommunestyret opprettholder kultur- og idrettspris med kr. 0 for å gje heder og ære til gode og viktige aktørar innan kultur og idrett. Det er god motivasjon i sjølve prisen sjølv om kommunen ikkje har høve til å gje midlar. Ordførar vert oppmoda om å gå i dialog med næringslivet i kommunen om evt. sponing av stipenda til idretts- og kulturpris for 2025.

Det vart røysta punktvis over kommunedirektøren sitt framlegg og tilleggsframlegget frå Anita O. Hoddevik (V):

1. Punkt 1 vart samrøystes vedteke.
2. Punkt 2 vart vedteke med 8 mot 1 røyst. Anita O. Hoddevik (V) røysta mot.
3. Punkt 3 vart samrøystes vedteke.
4. Punkt 4 vart samrøystes vedteke.

F - 25/141 Vedtak:

1. For å nå innsparingskrav for 2025 i samsvar med KS-25/108 vert kulturmidlar og kulturpris sett til 0,- for 2025.
2. Som ein del av arbeidet med å få ein økonomi- og handlingsplan i balanse for perioden 2026 – 2029 vert kulturmidlar sett til 0,- for perioden.
3. Kulturmidlar og kulturpris vert løfta fram til ny vurdering så snart økonomien tillet dette. Kommunestyret opprettholder kultur- og idrettspris med kr. 0 for å gje heder og ære til gode og viktige aktørar innan kultur og idrett. Det er god motivasjon i sjølve prisen sjølv om kommunen ikkje har høve til å gje midlar. Ordførar vert oppmoda om å gå i dialog med næringslivet i kommunen om evt. sponing av stipenda til idretts- og kulturpris for 2025.
4. Kommunestyret opprettholder kultur- og idrettspris med kr. 0 for å gje heder og ære til gode og viktige aktørar innan kultur og idrett. Det er god motivasjon i sjølve prisen sjølv om kommunen ikkje har høve til å gje midlar. Ordførar vert oppmoda om å gå i dialog med næringslivet i kommunen om evt. sponing av stipenda til idretts- og kulturpris for 2025.

Stad kommunestyre 23.10.2025:

Handsaming:

Administrativ merknad: I punkt 3 i innstilling frå formannskapet var heile punkt 4 kome med ved ein feil.

Ståle Sandal (Sp) stilte spørsmål om sin habilitet som leiar i Eid IL. Sandal tredde frå under handsaming av sin habilitet. Ståle Sandal (Sp) vart samrøystes kjent habil jf. fvl § 6. 2.ledd.

Framlegg frå Venstre:

Framlegg til endra pkt.1 frå kommunedirektøren:

For å bidra til innsparingskrav for 2025 i samsvar med KS-25/108 vert kulturpris sett til 0,- for 2025. Kulturmidlar på kr. 350 000 vert å dele ut til frivillige lag og organisasjonar etter ordinære retningslinjer.

Framlegg frå MDG:

Stad MDG ynskjer å fremje kommunedirektøren sitt framlegg på nytt.

Endringsframlegg frå Senterpartiet:

Framlegg til nytt punkt 4 i vedtak i formannskapet:

4. Kommunestyret opprettholder kulturprisen, ungdomens kulturpris og idrettsprisen med kr. 0 for å gje heder og ære til gode og viktige aktørar innan kultur og idrett. Det er god motivasjon i sjølve prisen sjølv om kommunen ikkje har høve til å gje midlar. Ordførar vert oppmoda om å gå i dialog med næringslivet i kommunen om evt. sponning av stipenda til idretts- og kulturprisane for 2025.

Nytt punkt 5 frå Judith Kvåle (Ap):

Formannskapet vert pålagt å gjere etiske vurderingar mtp sponsormidlar til dei ulike prisane.

Det vart røysta over framlegg frå MDG som fall med 4 mot 26 røyster. Dei som røysta for var Marie Kristine Kroken (MDG), Anfinn Sjøstad (Frp), Dagfinn Olav Kvamme (Frp) og Eivind Arne Holmboe (Frp).

Framlegg til nytt punkt 1 frå Venstre vart satt opp mot innstilling frå formannskapet. Innstilling frå formannskapet vart vedteke med 27 mot 3 røyster. Dei som røysta for framlegg til nytt punkt 1 frå Venstre var Anita Otneim Hoddevik (V), Jon Frogner (V) og Marilyn Osmundsvåg (V).

Det vart røysta over punkt 2 i innstilling frå formannskapet som vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 3 i innstilling frå formannskapet som vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 4 i framlegg frå Senterpartiet vart satt opp mot punkt 4 i innstilling frå formannskapet. Nytt punkt 4 frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over nytt punkt 5 frå Judith Kvåle (Ap) som vart vedteke med 26 mot 4 røyster. Dei som røysta mot var Ronald Dalsbø (Krf), Jessica Haaland (Krf), Nikolai Åshamar (Sp) og Arnstein Hammerseth (Uavhengig representant).

KS - 25/171 Vedtak:

1. For å nå innsparingskrav for 2025 i samsvar med KS-25/108 vert kulturmidlar og kulturpris sett til 0,- for 2025.
2. Som ein del av arbeidet med å få ein økonomi- og handlingsplan i balanse for perioden 2026 – 2029 vert kulturmidlar sett til 0,- for perioden.
3. Kulturmidlar og kulturpris vert løfta fram til ny vurdering så snart økonomien tillet dette.
4. Kommunestyret opprettholder kulturprisen, ungdomens kulturpris og idrettsprisen med kr. 0 for å gje heder og ære til gode og viktige aktørar innan kultur og idrett. Det er god motivasjon i sjølve prisen sjølv om kommunen ikkje har høve til å gje midlar. Ordførar vert oppmoda om å gå i dialog med næringslivet i kommunen om evt. sponning av stipenda til idretts- og kulturprisane for 2025.
5. Formannskapet vert pålagt å gjere etiske vurderingar mtp sponsormidlar til dei ulike prisane.

Saksopplysningar:

Det er vanlig for kommunar å ha eigne ordningar for å støtte og løfte fram kultur- og frivillig aktivitet.

Det er ulikt korleis dette vert praktisert, men mest vanleg er at kulturmidlar gis som årlege driftstilskot til frivillige lag og organisasjonar innan idrett, song- og musikk, samt andre kultur- og ungdomsorganisasjonar. Stad kommune har prioritert aktivitetar for barn og unge, og kulturmidlar har vore eit verkemiddel for å sikre breidde, deltaking og inkludering i lokalsamfunnet.

I tillegg har kommunen etablert ordningar med kulturprisar – Stad kommune sin kulturpris. Ungdommens kulturpris og Idrettsprisen – som årleg har blitt delte ut for å anerkjenne innsats, talent og prestasjonar innan frivilligheit, kultur og idrett. Desse prisane har hatt både ein økonomisk verdi og ein symbolfunksjon, og har vore ein viktig måte å synleggjere lokale eldsjeler og kulturutøvarar på. Vurdering av Stad kommune sin kulturpris for perioden 2026-2028 blei gjort i KS 25/133.

Både kulturmidlane og kulturprisane er forankra i [kommunale retningslinjer](#) og har vore uttrykk for kommunen sitt engasjement for kultur, frivilligheit og samfunnsbygging. Ordninga er ikkje lovpålagt, men har vore prioritert satsing for å styrke trivsel, identitet og fellesskap i Stad kommune.

Dei siste åra har kommunen sett av kr. 350 000,- til kulturmidlar som vert fordelt til frivillige lag og organisasjonar som organiserer aktivitetar for born og unge mellom 0 og 19 år.

Midlane har vore fordelte etter [vedtekne retningslinjer](#): 40 % til idrettsorganisasjonar, 30 % til song- og musikkorganisasjonar og 30 % til andre lag og organisasjonar.

Stad kommune har dei siste åra delt ut tre årlege kulturprisar prisar til ein samla verdi av 30.000,-

- Stad kommune sin kulturpris
- Ungdommens kulturpris
- Idrettsprisen

Prisane er forankra i kommunale retningslinjer og blir sett av årleg i budsjettet. Kulturprisane har bestått av 10.000,- og eit diplom.

På grunn av den økonomiske situasjonen kommunen no er i må ordninga vurderast sett opp mot dei store innsparingskrava kommunen har.

Det er så lang ikkje gjennomført direkte dialog med lag og foreiningar om moglege kutt i kulturmidlar og kulturprisar. Det er likevel kjend gjennom ulike saker som har vore til politisk handsaming og gjennom dialog med lag og organisasjonar at Stad kommune arbeider med å redusere ulike tilskotsordningar. Kommunedirektøren vil orientere aktuelle lag og lag- og organisasjonar om at saka er sendt ut til politisk vurdering.

Vurdering:

Å ta vekk kulturmidlar for ein periode vil ha som konsekvens at idretten, song og musikkorganisasjonar og andre lag mister betydeleg støtte for si drift. Reduksjon av støtte kan føre til redusert drift som igjen råkar aktivitetar for barn og unge. På den andre sida utgjer ikkje kommunen si støtte hovudfinansieringa til lag- og organisasjonar sin aktivitet, den er mest av symbolsk karakter.

Vedlagt denne saka ligg ei liste som synleggjere kor mykje aktuelle lag og organisasjonar fekk tildelt i kulturmidlar i 2024.

Midlertidig avvikling av kulturmidlar og kulturprisar frigjer kr. 380 000,- årleg som kan medverke til å få Stad kommune sin økonomi i balanse. Kuttet reduserer kommunen sine driftskostnader og bidreg til å styrke det økonomiske handlingsrommet i ein pressa økonomiperiode. Ein gjennomgang av

norske kommunar sitt innsparingsprogram knytt til økonomi, syner at fleire kommunar no avsluttar tilskot til lag og organisasjonar inkl. kulturmidlane.

Tildeling av kulturmidlar og kulturprisar set krav til god sakshandsaming i samsvar med vedtekne retningslinjer, og administreringa av kulturmidlane krev både sakshandsamingskapasitet og bruk av økonomiavdelinga for utbetaling til kvart lag og organisasjon. I tillegg til direkte økonomisk effekt, vil ei mellombels bortfall av ordninga også frigjere kapasitet både hos Kultur og samfunn og sentraladministrasjonen, som alle skal ned på bemanning.

Økonomisk berekraft:

Midlertidig kutt i kulturmidlar og kulturprisar frigjer kr. 380 000 årleg som kan medverke til å få økonomien i balanse.

Sosial berekraft:

Tiltaka reduserer kommunen si satsing på frivilligheit, fellesskap og deltaking for ein periode. Konsekvensane må handterast ved aktiv marknadsføring og bruk av Tilskotsportalen, som kommunen finansierer medlemsskapet av. Ved at kommunen er medlem i denne portalen, får lag og organisasjonar tilgang til over 2700 søkbare tilskot. Frivilligsentralane i Stad har med jamlege mellomrom opplæring i bruk av denne portalen. Utover dette har kommunen ressursar og kontaktpersonar for søknad om andre aktuelle tilskotsordningar, som spelemidlar og midlar gjennom Bufdir-ordninga. Frivilligpolitisk plattform skal elles reviderast, og kommunen må gjennom denne styrke sitt samspel med frivilligheita.

Miljømessig berekraft:

Ikkje vurdert.